



Folgefonna  
nasjonalparkstyre

**Postadresse**  
Folgefonna Nasjonalparkstyre  
Postboks 7310  
5020 Bergen

**Besøksadresse**  
Fjordglytt  
Skålafljæro 17  
5470 Rosendal

**Kontakt**  
Sentralbord +47 55 57 20 00  
Direkte: +47 55 57 21 35  
fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
[www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/](http://www.nasjonalparkstyre.no/Folgefonna/)

Knut Kvandal

---

Sakshandsamar Astrid Bakke Haavik

Vår ref. 2018/7864-0  
PRIMÆRKLASSERING

Deres ref.

Dato 23.06.2018

## Partsbrev - Søknad om restaurering og vedlikehald av Ridestien i Tokheimslia - Odda - Buer landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

Sender med dette over vedtak og saksutgreiing i sak ST 17/18 frå Folgefonna nasjonalparkstyre sitt møte den 22. juni 2018.

### Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Det er ein frist på 3 veker til å fremje ei klage (jf. Forvaltningslova sin § 26). Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre som kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokumenta.

Med helsing

Astrid Bakke Haavik  
nasjonalparkforvaltar

*Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift*

### Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	Odda
Statens Naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM

---

Nasjonalpark Folgefonna Nasjonalpark

Landskapsvernområde Hattebergsdalen

Ænesdalen

Bondhusdalen

Buer

Naturreservat Langebudalen



## FOLGEFONNA NASJONALPARKSTYRE

### Saksframlegg

Arkivsaksnr: 2018/7864-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 20.06.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	17/18	22.06.2018

## Framlegg - Søknad om restaurering og vedlikehald av Ridestien i Tokheimslia - Odda - Buer landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Framlegg frå forvaltar

Med heimel i *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde §, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til å restaurere delar av Ridestien opp Tokheimslia.* Etter same forskrift § 3 5.3 b) og naturmangfaldlova § 48 vert det gitt løyve til naudsynt motorferdsel for å gjennomføre tiltaket. For løyvet gjeld følgjande vilkår

- Løyvet gjeld i perioden 1. august-15.oktober 2018
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post [olaf.bratland@miljodir.no](mailto:olaf.bratland@miljodir.no) eller på telefon **970 23 013**
- Det skal først køyrebok som viser dato, kørerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok og rapport for tiltaket skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember.** Merk med referanse: 2018/7864. Send gjerne på e-post til: [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

#### Vilkår for vedlikehald av sti

- Bruke mest mogleg stadeigne massar til muring av grøfter og stidekke.
- Tilførte massar i stien skal dekkast med stadeigne massar
- Tilført stein til muring skal vere mest mogleg lik stadeigen stein.
- Grøftar vert forsterka med stein

#### Vilkår for motorferdselløyve

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.08 – 15.10 2018
- Løyvet gjeld for



- transport av gravemaskin med helikopter opp til stien
- arbeid med gravemaskin
- transport av stein med bigbag
- Løyvet gjeld for inn til 20 turar
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport

## Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 22.06.2018

### Handsaming i møte

Saka vart sett opp i sakslista på møtet, samrøystes vedteke.

### Vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde §, gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Odda/Ullensvang turlag løyve til å restaurere delar av Ridestien opp Tokheimslia*. Etter same forskrift § 3 5.3 b) og naturmangfaldlova § 48 vert det gitt løyve til naudsynt motorferdsel for å gjennomføre tiltaket. For løyvet gjeld følgjande vilkår

- Løyvet gjeld i perioden 1. august-15.oktober 2018
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post [olaf.bratland@miljodir.no](mailto:olaf.bratland@miljodir.no) eller på telefon **970 23 013**
- Det skal først køyrebook som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyrebooka før transporten begynner
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok og rapport for tiltaket skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember**. Merk med referanse: 2018/7864. Send gjerne på e-post til: [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

### Vilkår for vedlikehald av sti

- Bruke mest mogleg stadeigne massar til muring av grøfter og stidekke.
- Tilførte massar i stien skal dekkast med stadeigne massar
- Tilført Stein til muring skal vere mest mogleg lik stadeigen Stein.
- Grøftar vert forsterka med Stein

### Vilkår for motorferdselløyve

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.08 – 15.10 2018
- Løyvet gjeld for
  - transport av gravemaskin med helikopter opp til stien
  - arbeid med gravemaskin
  - transport av stein med bigbag
- Løyvet gjeld for inn til 20 turar
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar
- Løyvet gjeld ikkje persontransport



## Søknaden

Ridestien til Folgefonna går frå Tokheim og opp til Holmaskjer i Odda og vart opna fyrste gong i 1902. Føremålet med stien var å føre turistar opp til Fonna, både til fots og på hesteryggen. Stien vart gjenopna etter ei omfattande restaurering i 2002. Då vart heile stien frå fjorden og opp til brekanten restaurert.

I dei 15 åra som har gått har nedste delen av stien vorte til dels utvaska av både vatn og snøskred. Her er det behov for å lage betre grøfter og å styre vatn ut av stien. Det er også behov for å fylle på massar og jamne ut sjølve stiløpet nokre stader.

Frå anbodsbehandlinga 3. juli 2017 har vi ei skildring av kva arbeid som trengs:

*«Det er en god del utvasking av finmassene i stien. For å rette opp dette vil en fylle på pukk, gradering 16-32 og 0-32mm. Den groveste pukken legges i bunn. Oppå pukken legges det et lag med stedlige masser. Dette for at inngrepet skal være minst mulig synlig. Denne løsningen vil gi en bedre drenering av stiftfundamentet På deler av stien er det nok å rette av de stedlige massene. På enkelte plasser skal det legges Stein i bunn av skråningsfoten på innsiden av stien for å forhindre at finmassene siger inn i stien. På de strekningene hvor det er ekstra vannsig må det lages gode grøfter på innsiden av stien slik at en får ledet vannet enten til nærmeste tverrgrøft, eller til utløp i en sving.*

*Det er viktig å få laget gode tverrgrøfter slik at overvannet ikke renner for langt i stien. I områder der det antas å bli en del overvann lages noen ekstra solide grøfter, se skisse nedenfor av det vi kaller hovedgrøfter. I tillegg kommer det en del mindre grøfter hvor det bare graves ned i topplaget på stien. Her også er det viktig at kanten på nedsiden er høyere enn den øverste. Tverrgrøftene plasseres når arbeidet startes opp.*

*Det skal ikke graves unødig i massene langs stien.*

*Der det er mulig, skal stien ha en bredde på 1,5m.*

Mengder: Big Bag med pukk 35 stk.(20 med 16-32 og 15 med 0-32)

Hoved tverrgrøfter: 10 stk.

Tverrgrøft: 20 stk.

Total lengde på den delen av stien som skal utbedres: 1,5km»



Figur 1 Døme på konkret tiltak. Her skal det avrettes med pukk og renskes noe på innsiden av stien. Det skal også tas noe vegetasjon på utsiden, men vær forsiktig med kanten. Den er stabil slik den ligger nå. Som på resten av stien er det viktig med en grøft på innsiden som går ut i svingen. Større steiner i stien fjernes og brukes eventuelt til forsterking av ytterkanten eller som støtte på innsida.

Det er tenkt å gjøre vedlikehald på stien fra p-plassen på Tokheim og opp til kvilebua i nedste enden av Støladalen. Frå om lag 600 moh. og over ligg stien inne i Buer landskapsvernområde. Det totale strekket inne i verneområdet er på om lag 500 meter.

Etter synfaring 18. juni 2018 med forvaltar vart det klart at entreprenør vil fyke opp ein minigravar til høgste punkt på vedlikehaldsstrekninga og derifrå arbeide seg nedover stien.

Seniorgruppa i Odda/ullensvang turlag står for planlegging og gjennomføring av oppdraget. Entreprenør Brødrene Kråkevik vil gjøre maskinarbeid. Arbeidet er tenkt gjennomført i august 2018.

### Naturmangfaldlova og verneforskrift

Saka gjeld restaurering og vedlikehald av ein sti og tilhøyrande motorferdsel i Buer landskapsvernområde. Føremålet med vern av Buer landskapsvernområde er å ta vare på eit eigenarta naturområde med store opplevingskvalitetar, sikre geologi og biomangfald,



---

vassdragsnatur og kulturlandskap. Samtidig skal ålmenta sikrast høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging. Området er verna mot alle typer tiltak som vesentleg endrar eller virkar inn på landskapet sin art eller karakter. Dette inkluderar alt som har med å fylle på eller grave bort massar m.m.

Søknaden må vurderast etter *Forskrift om vern av Buer landskapsvernområde* og forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark.

Gjennom forskriften er det i § 3 1.2 b) opna for:

- b) Vedlikehald av merka stiar, skilt, bruer og løyper i samsvar med forvaltningsplanen etter [§ 7](#).

Etter § 3 1.3 g) kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til:

- g) Merking og opparbeidning av turstiar.

Motorferdsel er forbode etter § 3 5.1, men forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til

- §3 5.3 b) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller helikopter for transport av material, utstyr og proviant til hytter, stølshus o.l.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

#### Naturmangfaldlova § 8-12:

Jamfør naturmangfaldlova §§ 8-12 skal eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag leggast til grunn for vurdering av saka. Ein må sjå på kva verknader motorferdsla har i høve verneformålet og naturmiljøet i området. Saka må vurderast opp mot samla belastning totalt, samt at ein må vurdera om val av driftsmetode, teknikk og lokalisering er eigna og mest skånsam for naturmiljøet.

#### **Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12:**

Ridestien er ei Historisk vandrerute som første gong vart opna i 1902. Dette er såleis ein av dei eldste turistvegane vi veit om i Noreg og eit unikt stykke kulturhistorie. Heile traséen vart restaurert i 2002, med betydeleg eigeninnsats frå dugnadsgruppa. Delar av stien har no, femten år etterpå, behov for noko meir vedlikehald. Det er mykje vatn og snøras i området og det har slitt på stiløpet. Nasjonalparkstyret ser difor veldig positivt på at stien vert restaurert og vedlikehalde slik at fleire kan nyte seg av denne fantastiske vegen.



---

Ved vurdering av søknaden har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene ved bruk av snøskuter i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følge Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket eller av den motoriserte ferdsla på denne tida av året (databasane er sist sjekka 21.06.2018).

Føremålet med vernet er å ta vare på kulturminne og sikre ålmenta tilgong til enkelt friluftsliv. Ved restaurering av stien er det viktig at begge desse punkta vert ivaretakne. Dette er ein veg som har ligge her i over 100 år og difor så bør alle tiltak som gjennomførast vere skånsamme og ha ein langsiktig effekt. Det viktigaste tiltaket for å sikre stiløpet framover er å leie vatnet godt ut av stien med grøfter som toler vedlikehald. Det bør steinsettast i alle grøfter, både dei som skal renne over stien og dei som skal leie vatnet på innsida av stien og ut i yttersvingane. Framandelement, som Stein i annan farge eller tydeleg tilhogg Stein bør ein unngå så langt det let seg gjere. Om det vert nytta ikkje stadeigen Stein (dvs Stein som er henta frå andre plassar enn i og rundt stien), bør han dekkast til med stadeigne massar eller vere så lik i farge og utforming at han ikkje skil seg ut.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Det er tenkt brukt minigravar og handamakt for å gjere utbetringane på stien. Minigravar må fykast inn og køyrrer ned lia etter kvart som arbeidet gjerast. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrringar av dyreliv og konflikter med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Forvaltaren har vurdert samla belasting i området og vurderer den som avgrensa. Å forbetre stien vil ha positive effektar ved å kanalisere ferdsla og sørge for mindre slitasje på vegetasjonen rundt stien. Det vil vere minimalt med påverknad på vegetasjonen rundt av stiutbetringa. Når sjølv tiltaket føregår vil det vere forstyrrande på friluftslivet. Det er viktig at ein då informerer godt om tiltaket, gjerne med mellombelse skilt på veg opp og ned. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrerekordning, denne skal leverast etter avslutta sesong, **seinast 31. desember**.